

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29, Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref.:	Dykkar brev av:	Vår ref.:	Dato:
		16/00724-4 – 650 TS/SRK	22.08.2018

Fråsegn Nøvedalselva kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke

Vi viser til dykkar brev tidsett 07.06.2018 vedrørande høyring av søknad om bygging av Nøvedalselva kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke.

Vi har gjort lastflytberekningar for å undersøke om det er kapasitet i distribusjonsnettet og regionalnettet for å ta i mot innmating av 4,5 MW frå Nøvedalselva kraftverk i dagens nett. Utrekningar viser at det vil vere nødvendig å forsterke 22 kV kablane (300 meter og 20 meter) inn og ut frå nettstasjonen i Årflot. I tillegg må høgspenitanlegget i Årflot skiftast ut. Utanom denne forsterkinga er det kapasitet i distribusjonsnettet og regionalnettet til å ta i mot 4,5 MW ny produksjon, men det er ikkje kapasitet i dagens nett til å ta i mot meir produksjon enn 4,5 MW frå Nøvedalselva eller andre nye kraftverk.

Sjå også brev frå Mørenett til Småkraft tidsett 28.09.2016 vedrørande nettforsterkingar som vart gjort i 2012.

Dersom de har spørsmål om tilknyttinga av kraftverket i nettet, kan de ta kontakt med underteikna.

Med helsing
Mørenett AS

Tone Sundklakk

Tone Sundklakk
sivilingeniør